



Kommunane i Hordaland
v/ rådmann

Deres ref:

Vår ref:
18/546-
1/305

Vår dato:
07.02.18

Informasjon om prosjektet «Ny og utvida bestillingsordning» – lettare tilgang til enkle- og høgfrekvente hjelpemiddel

NAV Hjelpemiddelsentralar har i mange år hatt ei bestillingsordning der kommunane får rask tilgang til enkle- og høgfrekvente hjelpemiddel for personar med nedsett funksjonsevne. Ordninga inneber forenkla saksbehandling på enkle hjelpemiddel som ikkje krev individuelle tilpassingar. Dette er hjelpemiddel som det går mykje av og som må leverast raskt til kommunane, og dei er derfor lagervare på hjelpemiddelsentralane.

I 2018 gjennomfører NAV Hjelpemiddelsentral Hordaland eit prøveprosjekt der vi tek i bruk ei ny og utvida bestillingsordning. Prosjektet startar 12. februar og varer til 1. august. Detaljert informasjon om den nye ordninga, med rutinar og produktlister, blir publisert på nav.no når prosjektet startar. Kontaktpersonar for hjelpemiddel i kommunane får informasjon om den nye ordninga i vekene før 12. februar.

Bakgrunn og formål

Formål med prosjektet er primært å løye utfordringar knytt til mengdeproblematikk og endring i aldersprofil for hjelpemiddelbrukarar i årene framover. Vi ønskjer dessutan å imøtekome kommunane sine ønske om raskare tilgang til enkle- og høgfrekvente hjelpemiddel.

Dei viktigaste endringane

Produktlista for bestillingsordninga er fornys, og produktutvalet i den nye ordninga er betydeleg utvida. Det er fleire enkle- og høgfrekvente hjelpemiddel på produktlista, og produktgrupper som manuelle rullestolar (allround og komfort), senger, personløfterar og elektriske rullestoler (scooter) er tatt inn på lista.

Ei anna viktig endring er at ordninga no kan nyttast sjølv om brukaren ikkje tidlegare har fått hjelpemiddel frå folketrygda. Dette er nytt.

NAV HJELPEMIDDELSENTRAL HORDALAND //

Postadresse: Postboks 121 Kokstad // 5863 BERGEN

Besøksadresse : Kokstaddalen 35 // 5257 Kokstad
Tel: 53 04 03 00 // Faks: 55 10 52 11

www.nav.no nav.hms.hordaland@nav.no

Generelle vilkår for bestillingsordninga

Hjelphemidla i bestillingsordninga skal nyttast av personar med vesentleg og varig nedsett funksjon (over 2 år). Hjelphemidla skal være naudsynte for å avhjelpe praktiske problem eller for pleie i heimen, og dei skal vere vurderte opp mot andre rimelegare tiltak. Hjelphemidla skal vere hensiktsmessige for dei problema dei er meint å løyse. De skal ikkje nyttast til korttidsutlån eller til andre formål.

Produkta i bestillingsordninga kan berre bestillast av kommunalt tilsette som har gjennomført opplæring, og som er godkjent som bestillar av NAV Hjelphemiddelsentral.

Enklare og meir effektiv hjelphemiddelformidling

Vi meiner at den nye bestillingsordninga vil vere til stor gunst for både brukarar, kommunar og NAV Hjelphemiddelsentral. Ordninga vil kunne bidra til betydeleg effektivisering, og til større tilfredsheit hjå brukarar og kommunale samarbeidspartnarar i ein travel kvar dag.

Med ny og utvida bestillingsordning vil kommunane kunne oppnå:

- Raskare utlevering av hjelphemiddel og større brukartilfredsheit.
- Redusert tidsbruk og færre søknader om hjelphemiddel.
- Enklare godkjenning av nye bestillerar gjennom e-læring.
- Betre kvalitet og mindre feilformidling ved hjelp av betre produktliste.
- Større moglegheit for å behalde og gjenbruke enkle- og høgfrekvente hjelphemiddel til korttidsutlån. Berre utvalte produkt skal i retur i NAV Hjelphemiddelsentral.

NAV Hjelphemiddelsentral Hordaland oppmodar kommunale samarbeidspartnarar til å nytte ny og utvida bestillingsordning i størst mogleg grad. Gode behovsutgreiingar og riktig bruk av bestillingsordninga, vil gi enklare og meir effektiv hjelphemiddelformidling.

Med vennlig helsing

Geir Rune Folgerø
avdelingsdirektør
NAV Hjelphemiddelsentral Hordaland

Kopi:
Kontaktperson for hjelphemiddel i kommunen